

OSTERØY KOMMUNE  
Geitaryggen 8  
5282 LONEVÅG

Trondheim, 07.06.2023

Dykkar ref.:  
23S5AFCD  
Olaf Hella

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2023/803  
23160002

Sakshandsamar:  
Heidi Grete Betten

## Tilsegn - Vederlagsfri omgjerung av Eidsvika del av gnr. 153 bnr. 3 i Osterøy kommune til statleg sikra friluftslivsområde

Vi viser til søknaden datert 13. januar 2023 og til Vestland fylkeskommune sin uttale datert 23. mars 2023. Vi viser og til seinare korrespondanse med Osterøy kommune og e-post av 2. mai 2023 der kommunen ber om å få justert søknadsbeløpet.

### Konklusjon

Søknaden om statleg sikring og medverknad til grunnleggande istandsetting av Eidsvika tilfredsstillar kriteria som er sett.

Området vil først bli eit statleg sikra friluftslivsområde når de har sendt inn dokumentasjonen som krevst – sjå lista under.

Vi gir tilsegn om **inntil 457 563 kr** til omkostningar ved sikringa og grunnleggande istandsetting av Eidsvika i Osterøy kommune som friluftsområde for ålmenta. Tilsegna dekkjer inntil 50 prosent av sikringsomkostningane og inntil 50 prosent av kostnadene ved enkelte istandsettingstiltak.

Vi føresett at

- meirverdiavgift er trekt ifrå kostnadene ved istandsettingstiltaka
- tiltakshavar innhentar nødvendige løyve frå offentlege myndigheiter til å utføre istandsettingstiltaka

Osterøy kommune blir framleis grunneigar etter at området er statleg sikra, medan staten ved Miljødirektoratet blir rettshavar.

### Dokumentasjonskrav og utbetalingsfrist

Området blir statleg sikra og vi utbetaler midlane når vi har motteke følgjande:

1. Kopi av tinglyst skøyte
2. Panteattest som viser at eigedomen er fri for økonomiske hefte og andre tinglyste hefte som kan hindre eller vanskeleggjere utnyttinga av eigedomen til friluftslivsformål

3. Matrikkelutskrift med tilsvarende opplysningar som i målebrev
4. SOSI-fil som kun viser ytre grense for det sikra friluftslivsområdet (bruk kystkontur der området grensar mot sjø). Filen skal elles vere reinska for andre opplysningar, som høgdekurver, bygningar osv.
5. Stadfesting av at følgjande erklæring er tinglyst på eigedomen: "Eigedomen gnr. ... bnr. ... i ... kommune kan ikkje nyttast til anna enn friluftslivsformål utan samtykke frå staten ved Miljødirektoratet". Føretaksnummeret vårt er 999 601 391.
6. Utkast til forvaltningsplan som viser planlagde tilretteleggingstiltak i området. Mal for forvaltningsplan er lagt ut på Miljødirektoratet sine nettsider.
7. Stadfesting av at istandsettingstiltaka er utført og rekneskap der dei ulike delkostnadene går tydeleg fram. I rekneskapen skal meirverdiavgift vere trekt ifrå og han skal vere stempla og signert av nokon i kommunen med fullmakt til det.

Frist for gjennomføring av sikringa og utbetaling av tilsegna er **15. august 2025**. Innan denne fristen må de sende oss all dokumentasjonen samla og be om utbetaling. Dersom de ikkje gjer det kan tilsegna bli trekt.

### **Vi kan kontrollere bruken av midlane**

Hald kontakt med oss under gjennomføringa av saka. Ta alltid kontakt i god tid før utbetalingsfristen dersom de trur føresetnadene for tilsegna kan vere endra. Det kan til dømes gjelde forseinkingar eller endringar i kostnader eller områdeavgrensing.

Vi og/eller Riksrevisjonen kan kontrollere om midlane er brukt i samsvar med føresetnadene. Kostnadene til istandsettingstiltaka må først på ein måte som gjer det mogleg å ta ut ein separat rekneskap for arbeida som blir utført.

### **Bakgrunn og Miljødirektoratet sine vurderingar**

Kommunen har søkt om statleg sikring ved vederlagsfri omgjerung av området og støtte til sikringsomkostningar og grunnleggande istandsetting, totalt (etter justering av søknadsbeløp) 701.563 kr.

Osterøy kommune søker statleg sikring av Eidsvika som ligg nede ved fjorden søraust på Osterøy. Arealet er kommunalt eigd, om lag 50-60 daa (del av gnr. 153 bnr. 3, avgrensa til den ytre strandsona rundt Neset samt planlagt parkeringsareal ved Neskaivegen) og sett av til friområde i plan. Kommunen skildrar området som eit populært utfartsområde for opphald, bading, spelaktivitetar, teltovernatting osv. Det er lett å nå frå land og sjø og er i hovudsak nytta av lokalsamfunnet, men det har vekst i besøk også utanifrå og har behov for tilrettelegging. Området ligg sentralt i padleleden (Osterøy rundt), og kommunen og Bergen og omland friluftsråd ynskjer å byggje gapahuk/padlehuk her i tillegg til parkering, toalett og andre tilretteleggingstiltak.

Vestland fylkeskommune tilrår statleg sikring av dette området og medverknad til grunnleggande istandsettingstiltak. Området er kartlagt og verdsett som svært viktig friluftslivsområde, og ved sida av å vere eit landfast, attraktivt nærområde vil det inngå som ein del av prosjektet Ro- og padleruter i Vestland.

I e-post av 2. mai 2023 kom Osterøy kommune med supplerande opplysningar til søknaden. Kommunen ba og om å få justere søknadssummen: Det er teke inn parkeringsopparbeiding som eit

nytt tiltak med kostnad på 500.000 kr, medan kostnader til kart- og delingsforretning er redusert til 50.125 kr.

Miljødirektoratet støttar dei vurderingane som er gjort om behovet for sikring og vil medverke til statleg sikring inkl. omkostningar som omsøkt (inntil 25.063 kr).

Dette er eit etablert friluftslivsområde, og vi finn ikkje at det er registrert naturmangfaldverdiar her som gjer sikring av området til friluftslivsformål problematisk. Kommunen viser i si vurdering etter naturmangfaldlova i e-post av 2. mai 2023 til at det er registrert storskarv i området som det vil bli teke omsyn til i samband med tiltak og tilrettelegging for aktivitet, og at kommunen som tiltakshavar vil gjere nærare undersøkingar og dekkje kostnader for eventuelt å hindre eller avgrense skade, jf. naturmangfaldlova § 11. Vi må og ta atterhald om at det kan vere naturverdiar som ikkje er registrerte. Det vil vere kommunen sitt ansvar som tiltakshavar ved tilrettelegging og skjøtsel framover at ev. tiltak er vurdert opp mot naturmangfaldlova. Vi forstår det slik at toalettet allereie er bygd, og vi føresett at vurderingar etter relevant lovverk vart gjort i samband med det og naudsynte løyve vart innhenta.

Statlege midlar til tilrettelegging av sikra friluftsområde blir først og fremst tildelt frå fylkeskommunen. I samband med sikring av område kan Miljødirektoratet enkelte gongar medverke økonomisk til istandsetting når det er nødvendig for at området gjerast tilgjengeleg for ålmenta. Vårt høve til å medverke vil vere avhengig av budsjettsituasjonen. Tiltak som kan få støtte gjennom andre tilskotsordningar, til dømes spelemiddelordninga, vil normalt ikkje bli prioritert.

I denne saka vil fleire av dei omsøkte tiltaka vere ein del av den grunnleggjande istandsettinga som i større grad vil gjere området tilgjengeleg for publikum. Kostnadene ved dette blir vurdert som ein del av dei samla sikringskostnadene, og vi kan medverke til å dekkje desse med inntil 50 %. Det gjeld universelt utforma toalett (inntil 117.500 kr), parkering (inntil 250.000), vegbom (inntil 25.000 kr), informasjonstavle (inntil 15.000 kr) og gebyr (inntil 25.000 kr).

### Vi stiller følgende krav til rapportering

Leveranse	Beskriving	Frist
Fremdriftsrapport	Status for prosjektet med tanke på gjennomføring innan utbetalingsfristen for denne tilsegna	15.08.2024
Sluttrapport	Innsending av dokumentasjonen som krevst for å få utbetalt tilsegna	15.08.2025

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter.

Tilsegna er gyldig til 31.12.2025. Tilsegna fell bort, dersom du/de ikkje overheld rapporteringskrava.

### Utbetalingsplan

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
202510	tilsegn sikringsomkostningar	25 063
202510	tilsegn div. tiltak	432 500

### **Informasjon i friluftslivsområdet**

Informasjon er eit viktig tilretteleggingstiltak, og vi oppmodar dykk til å sette opp informasjonstavle i friluftslivsområdet. Det finst ein grafisk profil for statleg sikra friluftslivsområde. Den finn de på [Miljødirektoratet.no](http://Miljødirektoratet.no).

### **Bruk Miljødirektoratet.no for rettleiing om sikring og forvaltning av friluftslivsområde**

På [Miljødirektoratet.no](http://Miljødirektoratet.no) finn de rettleiing om oppfølging av innvilga sikringssøknad, til dømes omtale av dokumentasjonen som krevst.

På nettsidene våre finn de òg rettleiing om forvaltning av statleg sikra friluftslivsområde. Gjennom sikringsprosessen tek kommunen/friluftsrådet på seg drifts- og tilsynsansvaret for friluftslivsområdet og aksepterer å følge dei nasjonale retningslinene for forvaltninga av området. Rettleiaren om forvaltning av statleg sikra friluftsområde er lagt ut på [Miljødirektoratet.no](http://Miljødirektoratet.no) under temasida om friluftsliv.

Hugs alltid at naturmangfaldet skal forvaltast etter naturmangfaldlova sitt formål, forvaltningsmål, prinsipp og plikt til aktsemd, jf. lova sitt kap. 1 og 2.

Helsing  
[Miljødirektoratet](http://Miljødirektoratet)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Ingunn Margrethe Limstrand  
seksjonsleiar

Heidi Grete Betten  
sakshandsamar

Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD KOMMUNALT  
OPPGAVEFELLESKAP

Lars Hilles gate 5008  
22 BERGEN  
Hellebakken 45 5039  
BERGEN